

Kjære alle i styrings- og referansegruppa

Ei lita oppdatering frå forskingssamarbeidet om covid-19 i Møre og Romsdal no som sommaren står for døra.

Prosjektet vårt formelt avslutta ved årsskiftet. I desember ferdigstilte vi og sende inn antologimanuskript til Universitetsforlaget basert på alt datamaterialet som har vorte samla inn gjennom dette prosjektet. Denne prosessen har tatt lang tid, men vi kan no melde om at manuskriptet (endelig) har gått til fagfellevurdering, og vi ventar svar seinast i månadsskiftet august/september. Så vi ventar framleis i spenning på resultatet, vi kjem attende til eit møte når vi veit utfallet.

I april kom andre artikkelen frå eine delprosjektet vårt på trykk i Tidsskriftet: «*Koronapandemiens betydning for kommuneoverlegens rolle - en kvalitativ studie*». Kjekt å sjå konkrete resultat av arbeidet! Artikkelen kan lesast [her](#).

*Vi ynskjer dykk alle ein riktig god sommar!
Beste helsing forskargruppa.*

